

Radøy kommune v/Arkivleiar Anne Dahle Austrheim

Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/583 - 2 / RL / 143

Dato:
01.02.2018

Tinging av meir plass i spesialrom for arkivdepot og ny depotavtale frå 2018

IKA Hordaland er dykkar arkivdepot og De har teikna ei avtale med oss om framleige av ei viss mengd hyllemeter i spesialrom for arkivdepot, gjort gjeldande frå 1. januar 2014 til 1. januar 2019. Avtala har 1 års gjensidig oppseiingstid og avlaster Dykk for krava i arkivforskrifta, samt ho inneheld tenester kring sakshandsaming av innsyn og digital tilbakelevering av arkivsaker med «scan on demand».

Vår leigeavtale med Bergen Byarkiv og subsekvent Dykkar avtale med oss om spesialrom for arkivdepot opphøyrer i 2019. Om vi skal kunne gjennomføre ei forsvarleg selskap- og arkivdrift må vi avklare opsjon på ei vidare leigeavtale innan 2Q i 2018. Som fylgje av dette vil De gjennom ei ny avtale få høve til å auke talet på meter de ynskjer å reservere.

Vilkår og pris

Vilkåra i dei nye avtalene vil i det vesentlege vere tilsvarende dei gjeldande avtalene. Vi vil likevel måtte ta høgde for endringar som følj av ny arkivforskrift gjeldande frå 01.01.2018, den nye personvernforordning gjeldande frå mai 2018, samt fristar som Arkivverket har satt i samband med kommunereforma.

Arkivverket har i brev til oss datert 13.10.17 stillt eit generelt krav om at dersom ein eigarkommune oppbevarer uordna arkiv i arkivdepot, skal det føreligge eigne oppdragsavtaler, planar for ordning, samt finansiering av arbeidet for kvar enkelt kommune. Arbeidet skal ikkje ha ei lengde på meir enn 3-5 år.

Når det gjeld bortsett arkiv d.v.s. arkivmateriale som i avtaleperioden vil vere under 25 år eller arkiver som er yngre enn 1995, skal det òg vere avtalt og planlagt ordning. Samstundes lyt ein for desse arkiva pårekne ei auke frå dages pris jamfør meterleige tilsvarende 12-15%.¹ Auken i pris skuldast at talet på førespurnader og innsyn i desse arkiva er større enn eldre arkiv, samt at kravet til rask sakshandsaming og digital tilbakelevering er mykje høgare. Dette krev venteleg meir ressursar.

¹ Hyllemeterprisen vil avhenge av kor mange som vil nytte oss som bortsettjingsarkiv, samt kor mange meter arkiv som vert levert til denne ordninga.

Oversikt over stipulert behov i den kommande perioden

Vi har ut i frå statistikk, som De har levert til arkiverket, tidligare deponeringar og kartleggingar som er gjort, lagt ved eit forslag til endringar og behov. Men, De må sjølv gjere naudsynte kartleggingar for å avklare dykkar behov.

Kommune	Hm. pr. jan. 2018	Aukt behov 2018-23	Behov i ny avtale
Askøy kommune	900	1100	2000
Austevoll kommune	313	47	360
Austrheim kommune	100	20	120
Bømlo kommune	339	-39	300
Eidfjord kommune	1	0	0
Etne kommune	177	23	200
Fedje kommune	25	5	30
Fitjar kommune	120	10	130
Fjell kommune	546	1000	1546
Fusa kommune	350	0	350
Granvin herad	185	0	185
Jondal kommune	48	52	100
Kvam herad	117	-37	80
Kvinnherad kommune	450	25	475
Lindås kommune	535	1165	1700
Masfjorden kommune	100	25	125
Meland kommune	318	402	720
Modalen kommune	45	5	50
Odda kommune	207	603	810
Os kommune	700	50	750
Osterøy kommune	100	100	200
Radøy kommune	195	205	400
Samnanger kommune	41	29	70
Stord kommune	100	0	100
Sund kommune	380	0	380
Sveio kommune	200	0	200
Tysnes kommune	195	-15	180
Ullensvang herad	325	475	800
Ulvik herad	120	0	120
Vaksdal kommune	170	30	200
Voss kommune	590	210	700
Øygarden kommune	45	355	400
	8037	5845	13781

Snarleg tilbakemelding

Vi stiller no nye hyllemeter til rådighet og tildeling skjer etter «fyrst til mølla prinsippet» Vi ynskjer ei snarleg tilbakemelding på Dykkar behov i den kommande perioden frå 2018-2023.

Frist for tilbakemelding er **09.02.2018**. Vi ynskjer at de nyttar skjema til å melde tilbake.

<https://no.surveymonkey.com/r/VYNP7X9> (klipp denne lenka inn i nettlesaren din)

Om det er spørsmål ta kontakt med underteikna pr e-post. rune.lothe@ikah.no

Vi vil på bakgrunn av tilbakemeldingane sende forslag til ny depotavtale til Dykk.

Avtalene vil då gjelde frå 2Q 2018-2Q 2023 og vil ha oppseiingsfristar i samsvar med selskapsavtala og eller dei føresegna som føl av inndelingslova for dei kommunane som slår seg saman i avtaleperioden.

Faktura på nye bestillte meter blir sendt ut i 2Q 2018.

Med venleg helsing

Rune Lothe
Dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.